

## STYRET FOR NORDHORDLAND REVISJON IKS

### MØTEUTSKRIFT STYRET

Møtedato: 24. april 2017  
Kl: 1300  
Stad: Nordhordland Revisjon IKS, møterom  
Desse møtte: Lovisa Midtbø (leiar), Magne Rifsgård (nestleiar), Vilgerd Storset Husa, Olav Steinar Namtvedt, Reidar Hjertås (vara for Margrethe Riple Ådland)  
Møteleiar: Lovisa Midtbø  
Forfall: Margrethe Riple Ådland,  
I tillegg møtte: Reidar Bjørsvik (revisjonssjef), Randi Rykkje (tilsette sin representant)

### SAKSLISTE:

- Sak 1/17 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste.  
Sak 2/17 Godkjenning av møteutskrift av 28.11.16.  
Sak 3/17 Meldingar og orientering.
  - Orientering om drift og aktuelle saker
  - Rekneskap pr 30.03.
  - Nordhordland Revisjon AS, generalforsamling
  - Nordhordland Revisjon IKS, representantskapsmøteSak 4/17 Rekneskap og årsmelding  
Sak 5/17 Eventuelt

**Lovisa Midtbø ynskte velkommen til møtet.**

- Sak 01/17 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste.**

**Samrøystes vedtak:**

**Det var ingen merknad til møteinnkalling og saksliste.**

- Sak 02/17 Godkjenning av møteutskrift av 28.11.16.**

**Samrøystes vedtak:**

**Møteutskrift 28.11.16 vart godkjent.**

- Sak 03/17 Meldingar og orientering.**

- Orientering om drift og aktuelle saker
- Rekneskap pr 30.03.
- Nordhordland Revisjon AS, generalforsamling
- Nordhordland Revisjon IKS, representantskapsmøte. Forslag om å opprette ei arbeidsgruppe som greier ut sider og konsekvensar for NHR IKS ved framtidig kommunesamanslåing. Det er ynskjeleg å ha ei konkret skriftleg tilbakemelding frå arbeidsgruppa innan siste styremøte i 2017.

**Samrøystes vedtak:**

**Styret tek meldingar til etterretning.**

**Styret vedtek å setje ned ei arbeidsgruppe som skal greie ut konsekvensar for selskapet ved kommunesamanslåing mellom Radøy, Meland og Lindås. Arbeidsgruppa består av Lovisa Midtbø, Jorund Stellberg og Reidar Bjørsvik.**

**Sak 04/17      Rekneskap og årsmelding 2016**

Vedlagt innkalling var årsrekneskap 2016 med notar og utkast til årsmelding.

Det var og lagt ved kopi av epost frå revisor om revisjon for 2016 og fullstendighetserklæring som er signert av dagleg leiar.

Revisjonssjef gjekk gjennom hovudpunkt i rekneskap og årsmelding.

Mindreforbruk i 2016 gjeld i hovudsak auka aktivitet i Nordhordland Revisjon AS, lågare reguleringspremie enn KLP sine anslag og noko innsparing på andre innkjøp.

Årsmelding og årsrekneskap vart gjennomgått og kommentert av styret.

Selskapet si netto pensjonsforplikting utgjer pr. 31.12.2016 kr 3 531 284. I samsvar med rekneskapsreglane for IKS er denne ikkje ført i balansen, men opplyst i note. Samla eigenkapital inklusive årets mindreforbruk utgjer kr 3 163 614.

Nordhordland Revisjon IKS nyttar betalt premie som pensjonskostnad i rekneskapen. Denne har hatt store svingningar frå år til år. Pensjonskostnad 2015 var lågare enn KLP sine anslag for 2016. Revisjonssjef foreslår difor at årets mindreforbruk blir disponert slik:

Kr 408 791 blir avsett til disposisjonsfond øymerka lønn- og pensjonsområdet for å kunne dekke opp negative svingningar i pensjonspremie seinare år samt redusere avviket mellom eigenkapital og ikkje bokført netto pensjonsforplikting.

**Samrøystes vedtak:**

**Styret godkjenner og signerer årsrekneskap og årsmelding.**

**Styret gjer framlegg om fylgjande vedtak i representantskapet:**

**Representantskapet godkjenner årsrekneskap og årsmelding for 2016.**


**Årets mindreforbruk, kr 408 791, blir avsett til disposisjonsfond øymerka lønn- og pensjonsområdet.**


**Sak 05/17      Eventuelt**

Det var ingen saker under eventuelt.

Neste ordinære styremøte ifylgje møteplan er 06.06.2017.

Knarvik, 24.04.2017

  
Lovisa Midtbø  
Styreleiar

  
Magne Rifsgård  
Nestleiar

  
Vilgerd Storset Husa

  
Margrethe Riple Ådland

  
Olav Steinar Namtvedt

  
Reidar Bjørsvik  
revisjonssjef